

Aina Isdal Haugland  
Isdal 77  
5916 Isdalstø

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/5645 - 22/56936

Sakshandsamar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
15.07.2022

## Tilbakemelding knytt til søknadsprosessen for tiltak i vassdrag

Syner til synfaring 13.07.2022 knytt til vassdrag i Isdal. Dette er ei generell tilbakemelding slik at dykk kan komme fortast mogleg vidare med prosjektet for sikring mot skade frå vassdraget og der ein ser på tiltak i sin heilskap.

Generelt er alle tiltak som skal utførast i vassdrag søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det er fleire lovverk som gjere seg gjeldande, alt etter kvar ein er i vassdraget, kva vernestatus vassdraget har og kva saka gjeld. Dette er blant anna vassressurslova, lakse- og innlandsfiskeloven, kulturminnelova m.m. Under er ein kort oppsummering av framgangsmåten knytt til søknad om tiltak i og nærme vassdrag.

### **Søknadsgrunnlaget**

#### *Prosjekteringsgrunnlag / plan for gjennomføring*

Kommunen rår til at de tek kontakt med prosjekterande som har naudsynt vassdragsteknisk kompetanse som kan utarbeida ein plan og dokumentasjon på konsekvensar ved tiltak.

Det er naudsynt med ei utgreiing kva tiltak som er mest føremålstenleg og plan for gjennomføring for vassdraget i sin heilskap og eventuelle konsekvensar eit tiltak kan gje. Døme på tiltak kan vera heving av eksisterande bru for større lysopning, flaumsikring, oppreinsking av elvelaup, overlaup m.m. Ei utgreiing vil også gje føringar for dimensjonering av aktuelle tiltak som blir valt. Planen for gjennomføring må syne tiltaket sin innverknad på vassdraget i sin heilskap.

Vi minner om innhaldet i [vassressurslova § 5](#) der tiltakshavars si plikt til aktsemd for å unngå skade på ålmenne og private interesser. Døme på ålmenne interesser kan vera skade på kulturminne, heilskapen i kulturlandskapet og fiskeinteresser / kantvegetasjon. I tillegg kjem eventuelt fylgjeskader av tiltaket på annan privat eigedom.

Planen må også avklare korleis tiltaka påverkar ålmenne- og private interesser.

### *Generelt*

Tiltaket må nabovarslas på vanleg måte i tråd med gjeldande reglar.

### **Kommunens handsaming**

#### *Mottak*

Kommunen tek imot søknaden om tiltak og går igjennom søknaden som ein vanleg byggesøknad.

#### *Høyring*

Når søknaden er sendt kommunen, går vi igjennom søknaden og sender den på høyring til aktuelle regionale og statlege mynde. Aktuelle mynde er Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Vestland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Frist for høyring er 4 veker. I mange saker er det ynskje frå regionale og statlege mynde å gjennomføre synfaring før det vert gjeve uttale og fråsegn i saka.

Ved inngrep som krev at ein fjernar kantvegetasjon vil Statsforvaltaren i Vestland fatte vedtak etter [vassressurslova § 11](#) (kantvegetasjon) og [forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#).

#### *Vedtak*

Kommunen gjere vedtak basert på uttale, fråsegn og vedtak frå regionale og statlege mynde.

### **Oppsummering**

Før kommunen kan ta saka til handsaming, må naudsynt dokumentasjon ligga føre. Normalt er høyringsfristen for denne type saker 4 veker. Kommunen vil prioritere saker som omfattar naturfare.

Ta gjerne kontakt om noko er uklårt.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Aina Isdal Haugland	Isdal 77	5916	Isdalstø
Jan Egil Kristiansen	Isdal 73	5916	Isdalstø
Kjetil Leknes Isdal	Isdal 79	5916	Isdalstø